



19 DES. 2012

Landbrukskontoret
i Lillehammer-regionenDokid: 12011926 (12/425-7)

Øyer kommune
Bygg areal og geomatikk
Kongsvegen 325
2636 ØYER

ØYER KOMMUNE	
Sak nr.	Sak beh.
12/425-7	SVER
Lopenr.	Dato
7194/12	19/12-12
Ark.nr.	
BYGG 098/001	

ØSTRE GAUSDAL, 17.12.2012

Arkivkode
GNRLØ 98/1

Vår ref.(oppgis ved svar)
12/1374-2

Deres ref.

SYNFARINGSRAPPORT - KLAGE PÅ GJØDSELLAGER G/BNR 98/1 I ØYER KOMMUNE

Landbrukskontoret i Lillehammer-regionen syner til brev av 1. oktober 2012 frå Øyer kommune, der det vert bede om synfaring av gjødselkum som det har kome klage på lukt frå.

Det har kome klager frå naboar på lukt frå gjødsellager på gnr. 98 bnr. 1, Mæhlum, på Tretten. Øyer kommune har bede landbrukskontoret om ei fagleg uttale og synfaring, for å sjå kva som kan gjerast.

Vi var på synfaring på Mæhlum 30. oktober 2012. Med på synfaringa var Tor Falck og Svein Inge Eriksen frå Øyer kommune, Andre Holmen som eigar av garden og Øystein Jorde frå Landbrukskontoret i Lillehammer-regionen. Vi såg på gjødselkummen og på fjøsbygningen utanfrå. Vi diskuterte tildekking av gjødselkummen, endring av kvar utlufta frå ventilasjonen skal gå, ventilasjon av gjødselkjellar og kvar mjølkerestar og vaskevatn av mjølketank skal sendast for lagring. Andre Holmen hadde sjølv forslag til nokre tiltak. Han sa at tidlegare var det ventilasjon i gjødselkjellarane. Dette reduserte både luktplager og problem med fluger. Under siste utbygging var vifta som drog luft frå gjødselkjellaren teke bort. Han foreslo å setje inn att vifta. Dette ville han gjere til våren, då han skal gjere andre tiltak med betongsaging. Det andre tiltaket han ville prøve, var å sende mjølkerestar og vaskevatn frå mjølketanken i den nordre kjellaren, og ikkje sende det over i kummen i løpet av vinteren, men køyre det ut direkte frå kjellaren og på eigna stad. Frå kommunen og landbrukskontoret si side vart det sagt at vi startar med dei enklaste og rimelegaste tiltaka, så ser vi kva som verkar. Då vi var på synfaring var det mest lukt frå fjøset og på nedsla av fjøset.

Vurdering

Lukt frå grisefjøs med gjødselkum kan vere vanskeleg å finne ut kvar kjem frå. Det er fleire moglegheiter. Den mest openberre kan kanskje vere frå den opne kummen. Men det er ofte slik at ein kum ikkje gjev så mykje lukt, bortsett frå ved omrøring. Grisemøkk dannar ikkje skorpe på mørkka, slik som storfemøkk gjere, særleg gjeld dette med slikt føringsopplegg som

Holmen har. Ei anna kjelde til lukt er ventilasjonsanlegget. I mange tilfelle kan dette vere kjelda til den strammaste lukta. Dette merka vi øg ved synfaringa, då det lukta mest på nedsida av fjøset. No skal det leggjast til at det var mellom -5 og -10 grader ved synfaring.


I Andre Holmen sitt tilfelle, så førar han delvis med mjølke- og myserestar frå Tine sitt anlegg på Tretten. I det siste har han blanda restar frå tanken og vaskevatn saman med grisegjødsela. Når han no seier han vil, og har moglegheit til å, skilje ut dette i eigen kjellar, vil dette antakeleg redusere luktproblemet. Tidlegare var det vifter som drog luft ut frå møkkjellaren, i følgje Holmen. Denne vart ikkje med ved ombygging av kjellaren ved bygging av kummen ute. Holmen vil setje inn at denne vifta, og reknar med at det vil redusere luktproblemet.

Landbrukskontoret har tru på at dei tiltaka Holmen vil gjere kan redusere luktproblemet. Det er øg rett å starte med desse tiltaka, då dei kostar lite. Om desse tiltaka ikkje hjelper meiner landbrukskontoret at neste skritt kan vere og sjå på ventilasjonen. Det er mogleg luktproblema kan reduserast ved og leggje ventilasjonen opp over tak. Dette må i tilfelle vurderast av fagfolk. Eit slikt tiltak vil koste noko meir, og ein må då vere sikker på tiltaket vil hjelpe. Det siste ein må sjå på, er tiltak i kummen. Tildekking av kummen kan vere ein moglegheit, men dette er kostbare tiltak, og ein må vere heilt sikker på at lukta kjem frå kummen og kan reduserast i stort monn ved tildekking. Tildekking av kummen vil vere ekstra kostnadskrevjande på grunn av den store diametern.

Landbrukskontoret vil leggje til at det er god agronomi og heilt rett miljømessig at gjødselkummen vert tom i løpet av sommaren. Då er husdyrgjødsla nytta i vekstsesongen, noko som det sterkt er oppfordra til.

Landbrukskontoret er tilgjengeleg for å vere med på synfaringar og kome med råd framover.

Med vennlig helsing
Landbrukskontoret i Lillehammer-regionen


Carl Olav Holen
Enhetsleder
Dir.tlf. 61 22 44 55


Øystein Jorde
Jordbruksrådgiver
Dir.tlf. 61 22 45 43

Kopi til: Andre Holmen, Sør-Tretten vege 123, ,2635 Tretten
Knut Thomas Granerud, Fonstadvegen 17, 2635 Tretten